

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandsjøen 74
5943 Austrheim

27. september 2015

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Høyring, søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova, lokalitet Ospeneset

Naturvernforbundet Nordhordland går i mot søknaden om seks nye ringar med denne grunngjevinga:

- Utvidinga legg beslag på eit større område i sjø som i kommuneplanen ikkje er avsett til akvakultur, men til «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Utvidinga vil også ha negative konsekvensar for eit regionalt viktig område for friluftsliv, også på land, vurdert og verdsett av Hordaland fylkeskommune.
- Utvidinga skjer i eit område med stor potensiell rømmingsfare. Seks nye plastringar er ingen garanti for rømmingar i eit område som ligg svært utsett til i ekstremvind frå nordvest. Auka areal og prognosar for oftare stormar og meir ekstremvær i framtida kan tvert om auka rømmingsfaren.

Etter sist vinters rømmingar frå fleire anlegg i Nordhordland, er Naturvernforbundet bekymra for dei negative miljøkonsekvensane slike rømmingar har for økosystema og villfisken i sjøområda i Nordhordland. Vi meiner tida er inne for ei meir restriktiv haldning til dei konsesjonane som er gitt og til nye konsesjonar.

Ekstra merksemd må konsesjonsmyndigheitene ha på Fensfjorden, som frå før er belasta med miljøgifter frå avfallsanlegg og frå verksemda til Statoil. For det første fører konsesjonar som den på Ospeneset til større belastning på fjordsystemet. For det andre kan det stillast spørsmålsteikn ved å driva oppdrett i ein fjord som m.a. er påverka av lågradioaktivt avlaupsvatn og andre miljøgifter.

Naturvernforbundet Nordhordland har ved fleire høve etterlyst og bede Miljødirektoratet om resipientundersøking av Fensfjorden. Miljøstatusen er etter vårt syn usikker. Fram til ein slik resipientundersøking er gjennomført, bør konsesjonsmyndigheitene vera svært restriktiv med nye utsleppløyve, også for akvakultur, sjølv om anlegget på Ospeneset ikkje vil føra til auka volum.

På lengre sikt er lukka anlegg den einaste akseptable løysinga.

Naturvernforbundet Nordhordland seier seg lei for at høyringsuttalen er send to dagar etter høyringsfristen 26.09.15, men voner merknadene likevel vert teken omsyn til.

Jan Nordø
Leiar